



- eit fyrtårn i vest

## Dette skjedde 2. halvår 2024



Her kan du lesa om litt av det som har skjedd i Øygarden kommune det andre halvåret 2024.

Tekst og redigering: Vignleik Brekke

Foto: Heidi Reisegg Endal, Anita Garlid Johannessen, Hanne Misje Lokøy (CCB), Merete Nygård Ingebrigtsen, Kenneth Sangolt, Toril Aune Børmo, Rune Golf, Kjell Andersland, Monica Hovland og Vignleik Brekke

[WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO](http://WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO)

## Juli og august

### - Middagskvil forlengjer livet



Jubilanten Karine Johanne Oddekalv var klar på kva som skulle til for å passera 100 år.

- Ein god middagskvil og aktivitet har bidrege til at eg har oppnådd denne alderen, meiner den klartenkte Karine Johanne. Den 3. juli feira ho 100-årsdagen saman med vener på Fløirestauranten.

### Markerte 22. juli: Vi må aldri gløyma

- For å forhindra at eit 22. juli skjer igjen, kan me aldri tillata oss å gløyma historia. Det sa leiar i AUF Vestland, Noah Amundsen Sellevoll, under 22. juli-markeringa ved minnestøtta ved Stranda skule. Øygarden kommune var representert ved fungerande ordførar Anita Garlid Johannessen.



### Brann på Straume: Ein familie overnattar på hotell

Torsdag 8. august tok det til å brenna i eit rekkjehus på Botnafjellet på Straume. Brannen vart sløkt etter kort tid. Fleire familiar fekk innlosjering etter brannen. Ein familie fekk tilbod om overnatting på hotell. Ingen vart fysisk skadde som følgje av brannen. Fleire av husværa vart påførte skader.

### Lanserte Ågotnes Maritime Cluster



Fredag 16. august inviterte CCB Ågotnes til lanseringsmøte av Ågotnes Maritime Cluster. Dette er ein del av Vestland fylke og Innovasjon Noreg sitt arbeid med Grøn Region Vestland, der ein arbeider for å utnytta samlokalisering av bedrifter for å lukkast med grøn omstilling av næringslivet. Biletet viser seniorrådgjevar i Vestland fylkeskommune, Tor Martin Misund.

### Passerte 40 000 innbyggjarar

Nye tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at Øygarden kommune har passert 40 tusen innbyggjarar. Ved utgangen av andre kvartal 2024 var 40 033 personar busette i Øygarden. Ordførar Tom Georg Indrevik glede seg over god folkevekst dei siste månadene. Biletet er frå markeringa den 17. september då fire familiar med nyfødde på den tida kommunen passerte 40 tusen innbyggjarar var inviterte.



### Opning av Pedagogisk psykologisk ressurscenter



Onsdag 14. august var det markering og opning av Pedagogisk psykologisk ressurscenter i Oppvekst. Det vart gjort ved å samla alle tilsette, saman med barnehagesjef og skulesjef, til fagdag og markering ved snorklipping, fanfare og kake. PPR er ei utviding av det tradisjonelle PPT (pedagogisk psykologisk teneste).

## September



### Indisk miljødelegasjon besøkte Landro skule

Fredag 13. september besøkte den verdskjende miljøforkjemperen Afroz Shah Landro skule. Shah har fått global merksemd for sitt engasjement for å unngå at naturen blir ei søppeldyngje fylt av plast. På samlinga fekk elevane frå Landro skule vist seg frå si beste side. Afroz Shah vil gjerne ha Noreg og Øygarden som samarbeidspart.

### 63 tusen turar med Nabogo

I løpet av dei siste 11 månadene er det registrert 63 tusen turar med samkøyringsappen Nabogo.

- Også i Øygarden har vi no opplevd rekordtal. Vi ønskjer å starta ei rørsle for samkøyring, sa leiar av avdeling for mobilitet i Skyss, Kari Steinsland (biletet), på lunsjseminaret «Smarte reiser – betre trafikkflyt» i regi av Miljøløftet og Øygarden kommune 18. september.



### - Kyrkje for alle



Laurdag 20. september gjekk startskotet for jubileumsveka for Fjell kyrkje som fyller 150 år. Det heile vart krona med jubileumsgudsteneste søndag 29. september. I tida før 150-års jubileet har det vore gjennomført eit omfattande rehabiliteringsarbeid. Kyrkjelyden kunne ta sete i ei meir innbydande og lysare kyrkje. Øygarden kommune har løyvd 44 millionar kroner inkl. meirverdiavgift til rehabilitering av kyrkja.

### - Ønskjer gangavstand til butikk, doktor og apotek

Dag Olav Bjorøy og Trond Angeltveit var to av dei som møtte opp på arbeids- og informasjonsmøtet på Ågotnes 24. september. Det handla om arealdelen til kommuneplanen som no er i ein startfase.

- Vi er glade i bygda vår, seier dei begge. Møtet denne tysdagskvelden var det første av tre møte der innbyggjarane var inviterte til å møte opp på dei tre kommunedelsentera, Ågotnes, Rong og Skogskiftet.



### - Verdas viktigaste industrianlegg



Det var fest i Øygarden då mottaksanlegget til Northern Lights på Ljøseyna vart offisielt opna 26. september. Energiminister Terje Aasland (Ap) var tydeleg på at øygdssamfunnet kan vera stolte over å ha det første anlegget for lagring av CO2. Flytande CO2 vert frakta til anlegget i Øygarden med skip for så å verta ført i røyr 110 kilometer ut i Nordsjøen og så lagra 2,6 kilometer under havbotnen.

### 6B ved Landro skule til topps i leseprosjekt

I tre veker har alle 6. klassane i kommunen deltatt i Ramsalt lesing- eit leseprosjekt, der målet har vore å lesa seg gjennom kommunen – totalt 125 km. Minutta elevane har lese, har blitt omgjorde til kilometer, og målet var å vera førstemann i mål. Fokuset har vore på innsatsen og uthaldet i lesinga, ikkje på kor mange sider eller bøker ein las.





## Oktober

### Fire nye sjefar



Tysdag 1. oktober troppa tre sjefskvinner opp på rådhuset for å ha sin første arbeidsdag. Frå venstre; kultursjef Marian Guddal Hansen, barne- og familiesjef Monica Johannesen Mørk og næringsjef Marianne Furheim og kommunedirektør Johnny Breivik. Den 3. desember hadde beredskapssjef Geir Knarvik Fjeldstad sin første arbeidsdag.



### Gav ros til fosterheimsprosjekt



Barne- og familieminister Kjersti Toppe likte det ho høyrde då ho 7. oktober besøkte barneverntenesta i Øygarden og fekk informasjon om fosterheimsprosjektet Zip-team.

- Eg er svært begeistra over måten de arbeider på, sa statsråden. Dette er eit utviklingsprosjekt i læringsnettverket til Statsforvaltaren i Vestland og er eit samarbeid mellom Øygarden kommune, Alver kommune og Bufetat ved fosterheimstenesta.

### Rekordinnsamling i Øygarden

Frå Øygarden vart det totalt samla inn om lag 2,5 millionar kroner til TV-aksjonen. Dette er ein kraftig auke frå året før. Pengane gjekk til Barnekreftforeningen sitt arbeid med å etablera familiehus for barn med alvorleg sjukdom og familieane deira.

### Lanserte podkasten Rådhuset

Den 25. oktober lanserte kommunedirektør Johnny Breivik podkasten Rådhuset.

- Dette skal vera ein arena der vi gjennom samtalar med spennande gjester viser kva som byggjer og utviklar øygardssamfunnet, sa kommunedirektøren då podkasten vart lansert. Biletet viser næringsminister Cecilie Myrseth og Johnny Breivik då podkasten den 8. november tok pulsen på Øygarfskonferansen.



### 57,6 millionar kroner frå Havbruksfondet

Øygarden kommune fekk i 2024 utbetalt 57,6 millionar kroner frå Havbruksfondet i 2024. Dette er 36,6 millionar kroner meir enn budsjettert. Havbruksfondet fordeler inntekter til kommunar og fylkeskommunar frå vekst i oppdrettsnæringa og inntekter frå avgifta på produksjon av laks, aure og regnbogaure.

### Samarbeid gav etterlengta parkeringsplass




Den 22. oktober kunne glade brukarar, grunneigarar, elevar og kommunefolk gle seg over at parkeringsplassen på Ekrhovda er på plass. Ordførar Tom Georg Indrevik klypte i snora godt hjelpt av elevane Emilie og Jonas i tredje klasse på Kolltveit skule. Den nye parkeringsplassen vil forbetra trafikktryggleiken i området og gjera det langt lettare for turgåarar å koma seg til Pyttane og Liatårnet frå austsida.

## November

### Øygarden får 30,8 millionar ekstra

- Det er kjempebra at vi får kompensert for skattesvikt og kostnadsauke vi har opplevd over tid. Det sa kommunedirektør Johnny Brevik etter at regjeringa gjorde kjent at kommunane får fem milliardar kroner ekstra i 2024 og tilsvarande i 2025. Kommunane får tilsvarande ekstraløyving i 2025.

### Ny kommuneapp gjev oppdatert trafikkinfo



Fredag 8. november lanserte Øygarden kommune ein ny og gratis app som mellom anna gjev deg oppdatert informasjon om trafikkflyten på 10 strekningar. - Dette vert eit viktig bidrag i arbeidet med å sikra god trafikkflyt, sa kommunedirektør Johnny Brevik.

### Biomega Norway vart Årets bedrift



- Gjennom forskning og teknologiutvikling bidreg bedrifta til berekraftig utnytting av marine ressursar. Det heiter det frå juryen i Vest Næringsråd og Nordea då dei kåra Biomega Norway som Årets bedrift 2024 på årsfesten i etterkant av Øygardskonferansen 8. november. Næringsminister Cecilie Myrseth sa i sitt føredrag at Noreg har ein liten og open økonomi og at vi må tilpassa oss ei verd i stor endring.

### Kongebesøk til Northern Lights

13. november besøkte kongen av Nederland Willem-Alexander Northern Lights i Energiparken i Øygarden. Det vart også tid til besøk på hydrogenanlegget til Zeg Power. - Han fekk eit godt inntrykk av Øygarden, seier ordførar Tom Georg Indrevik. Til venstre; kulturminister Lubna Jaffery.



### - De har grunn til å vera stolte



Det var invitert til fest på Sotra Fiskeindustri 14. november for å markera utviding av filetproduksjonshallen og ny moderne fileteringsmaskin. Det er investert for 70 millionar kroner. Ordførar Tom Georg Indrevik fekk æra av å klippa snora for den utvida produksjonshallen. Sotra Fiskeindustri har 235 tilsette på verksemda i Porsvika.

### No er skulen som før

Etter haustferien kunne elevane, foreldra og dei tilsette gle seg over at Rong skule er fullt ut rehabilitert etter brannen 25. mai. Frå 28. mai og fram til haustferien dette skuleåret fekk mellomtrinnet (5. – 7. trinn) undervisning på gamle Toftøy skule.



### Samlar inn leiker til barn i Ukraina



- Det er eit stort behov for dette. Det sa Inger Thormodsen som i november saman med Ragnar Hansen i Sotra Rotary Klubb stod i bresjen for å samla inn brukte og eventuelt nye leiker som julegåver til barn i Ukraina. Barna i barnehagane i Øygarden vart oppmoda om å finna fram gode brukte leiker som ukrainske barn kunnen få som julegåve.

## Desember

### - Eg har ein engel



Det var song frå hjarta til hjarta då demenskoret hadde julekonsert for rundt to hundre frammøtte i Foldnes kyrkje 6. desember.

- Vi har eit heilt fantastisk fellesskap i dette koret, sa Odd Gunnar Guttormsen etter konserten der han framførte Johannes Kleppeviks «Eg har ein engel» som solosong. Koret song julesongane og dei andre songane på vakkert vis.

### Slovakia ser til Øygarden

I samband med bilateralt prosjekt fekk Øygarden besøk av Svidnik kommune i Slovakia Øygarden kommune frå 9. til 12. desember. Delegasjonen på 14 representantar fekk sjå og høyra korleis Øygarden kommune arbeider innanfor ei rekkje felt.



### Jubileumsdag



Den 17. desember var det jubileum for både Basecamp og AKTIV+. Det var invitert til fest i lokala til Basecamp og for AKTIV+-folka i kinoen på Straume. Frå starten for 20 år sidan var det ein tilsett i Basecamp. I dag har verksemda 12 årsverk. AKTIV+ samla full sal då 10-årsjubleet vart markert. Også dette tiltaket har opplevd ein formidabel vekst sidan starten.



### Skal byggja skule på Møvika



Kommunestyret vedtok den 18. desember tiltaka i barnehage- og skulebruksplanen for Øygarden kommune fram til 2028. Konsekvensen er mellom anna at Terna barnehage og Ulveset barnehage vert lagde ned frå hausten 2025. Arbeidet med å byggja ny skule på Møvik skal starta opp. På møtet vart det vedteke å busetja inntil 100 flyktningar i 2025.

### Vedtok budsjettet for 2025



Den 19. desember vedtok Øygarden kommune budsjettet for 2025 og økonomiplan for 2025-2028. Driftsinntektene er på om lag 3,6 milliardar, medan netto driftsresultat er budsjettert til om lag 31 millionar kroner i pluss. I 2025 skal det investerast for 228,3 millionar kroner. På kommunestyremøtet vart arbeidsmiljøprisen tildelt Sotra legevakt (biletet til høgre). Også MMNF Åttringen og Tranevågen ungdomsskule fekk heider for 2. og 3. plass.



### Behovet er stort



Det var full aktivitet i lokala til Tremorkirken seks dagar før jul. Eit førtitals personar arbeidde med å fylla opp 65 matkassar som skulle distribuerast til familiar i kommunen. - Det kan vera naboen min som har bruk for dette, sa Camilla Steinmoen som var ein av dei som stod i spissen for tiltaket. Distribusjonen vert gjennomført av medarbeidarar i barneverntenesta.